



## Krav til innsending

Minstekravet til innlevering vil typisk vere dei dokumenta som vert endra, plankart og/eller reguleringsføresegner, illustrasjonsplan og ein forenkla planskildring som viser dei endringane som forslagsstiller ynskjer.

### Planskildring:

Planskildring skal innehalde ein oversikt over endringane, og gjere greie for den einkilde endringa. Det skal gjerast greie for kva som er årsaka til endringane, og konsekvensane av desse. Dette inkluderer ei utgreiing for om endringane i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje råke omsynet til viktige natur- og friluftsområder, jf. pbl. § 12-14 om forenkla prosess. Planskildringa må også inkludere ein vurdering av endringsforslaget sine konsekvensar for naturmangfald, universell utforming og barn og unge sine interesser. For utforming av forenkla planskildring kan ein ta utgangspunkt i mal for planinitiativ, som kan lastes ned via kommunen si heimeside under fanen [skal du lage privat reguleringsplan?](#)

### Føresegner:

Ved endring i føresegner må føresegnsdokumentet påførast revisjonsdato. Den einkilde føresegn som er endra må merkast, og endringsdato må vise i fotnote i dokumentet.

### Plankart og SOSI:

Ved endring i plankart må teiknereglane i gjeldande Plan- og bygningslov/Nasjonal produktspesifikasjon/Kart- og planforskrift følgjast. Ved endring i plankart skal det leggest ved SOSI- fil og SOSI-kontroll. Kartverket si objektkatalog for SOSI skal følgjast.

### Varselbrev og varslingsliste for høyring:

Det skal utarbeide varselbrev for høyring, og framlegg til varslingsliste, som skal sendast saman med planframlegget. Når plandokumenta og tilhøyrande varselbrev er godkjent av administrasjonen, sendar kommunen brev med vedlegg på ei 3 vekers begrensa høyring.

*Før det treffes slikt vedtak, skal saken altså forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9. Plikt til varsling gjeld i høve både offentlig styresmakter og private. Gjer merksam på at ordlyden i pbl. § 12-14, 3. ledd vart også endra i 2017. Endringa er ei utviding av varslingsplikten.*

*Medan varslingsplikt etter ordlyden frå 2009 bare omfatta «berørte myndigheter», og eigar og festar av eigedomar som «direkte berøres» av vedtaket omfattar varslingsplikta no «og andre berørte».*

*Det vil såleis ikkje vere nok å bare sjå på kven som er grunneigar og nabo (direkte råka), det må også vurderast konkret om andre kan verte råka av endringa.*

Etter høyringa gjer administrasjonen ei samla vurdering av søknaden og innspela opp mot dei tre vilkåra som kjem fram av pbl § 12-14. Positivt enkeltvedtak kunnjerast av kommunen med 3 vekers klagefrist etter forvaltningslova sine reglar. Dersom planendringa gjeld tiltak i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser som gir grunnlag for motsegn, vil det ikkje vera aktuelt til å gjennomføra endringa etter forenkla prosess, sjå Prop. 1 49 L (201 5-201 6). Avgjerda om planprosess er ei prosess styrande avgjerd og ikkje ei avgjerd som kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28.

Handsaming av søknaden er gebyrbelagt under kap 7 i gebyrregulativet, gjeldande satser finn ein via kommunens heimesida: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/gebyr/>